

INU - FSF

Den Interkommunale Næringsretta Utviklingsordninga som kompenserer for auka arbeidsgjevaravgift i kommunane Førde, Sogndal og Flora

PROTOKOLL ÅRSMØTE INU - FSF

Stad: Flostova Fosshaugane Campus, Sogndal

Dato: onsdag 26.03.14

Registrerte stemmer: 24 stk

Fjord 1, Westcon Yards Florø AS, Florø Mekaniske Verkstad, SFE Nett, Jatak Kaupanger, Holen installasjon AS, Sogndal IL Fotball, Sunnfjord Energi, Rica Sunnfjord Hotell, Firda Billag, Saga Fjordbase AS, West Industri Service as, Wis Installasjon as, West Industri Contracting as, NBN Elektro AS, Sparebanken Sogn og Fjordane, Åsen og Øvrelid AS, Vestlandforskning, Sogndal Hotell, Studentsamskipnaden.

Sogndal kommune, Førde kommune, Flora kommune, fylkeskommunen.

Sak 1/2014 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: Innkalling og sakliste er godkjent.

Sak 2/2014 Konstituering

Val av møteiar, referent samt to deltakarar til å signere protokoll.

Desse vart valt samrøystes: Vidar Grønnevik, møteiar, Gustav Johan Nydal og Olve Grotli signerer protokoll. Lisbeth Bringebøen referent.

Sak 3/2014 Orientering om ordninga og tildelingar 2013

Orientering om prosjekt og satsingar i Sogndal kommune. v/Jarle Aarvoll
Orientering om prosjekt innan fornybar energi v/ Erling Holden
Orientering om andre prosjekt finansiert av INU v/Kjetil Kvåle

Styreleiar Vidar Grønnevik orienterte kort om tildelingane i 2013.
Jan Heggheim orienterte kort om status for ordninga i 2014 og ordninga for framtida.

Sak 4/2014 Orientering om rapport frå Møreforskning

Vedtak: Orientering er tatt til vitande. Rapporten er lagt ved utsending av referatet.

Sak 5/2014 Godkjenning av styrets årsberetning og rekneskap 2013

Vedtak: Årsrapporten er godkjent. Renteinntektene må justerast med det faktiske rentebeløpet som er minimum 180 000 kr ekstra.

INU - FSF

Den Interkommunale Næringsretta Utviklingsordninga som kompensere for auka arbeidsgjevaravgift i kommunane Førde, Sogndal og Flora

Sak 6/2014 Godkjenning av handlingsplan 2014

- Konkret sum til sakshandsaming og administrasjon vert sett opp i ny handlingsplan, kva summar som fylkeskommunen forvaltar, og deretter sum til disposisjon for INU-FSF styret.
- Rapport frå Innovasjon Noreg er ikkje lagt ved referatet, denne vert gjort tilgjengeleg så snart den ligg føre.
- Grunnlaget for kompensasjon skal sjekkast med KMD, og sendast til møtedeltakarane i årsmøtet.
- Årsmøtet peika på at INU-FSF ynskjer å vidareføre og bygge opp høgskulestudium . Eksempelvis Subsea, byggingeniør.
- Fornybar energi og energieffektivisering – ny overskrift på satsingsområdet Fornybar energi, for å unngå avgrensing av området.
- Fornuftig å ikkje konkretisere ei ramme for kvart satsingsområde.
- Forsterke punktet om infrastruktur/tettstadutvikling.
- Årsmøte la vekt på at det kan være hensiktsmessig å prioritere større prosjekt.

Vedtak: Styret vurderer punkta ovanfor og endrar handlingsplanen i tråd med dette. Styret vedtok 4 mill. kr til reiseliv forvalta av fylkeskommunen, og 8 mill. kr til bedriftsretta innsats gjennom Innovasjon Noreg, samt 1 mill. kr til dekning av administrasjon av INU-FSF.

Sak 7/2014 Val av styre

Leiar av valnemnda Leif Arne Åsen presenterte kven i styret som står på val.

Desse stod på val ved årsmøtet 2014:

Bedriftsrep. Førde

Kjetil Bjørset, attval 2 år. Vara: Øyvind Berge, attval 1 år

Rolf Årdal, ny repr. Odd Erik Gullaksen 1 år. Vara: Peter Midtun, attval 1 år.

Bedriftsrep Florø

Agnar Strømsnes, attval 2 år. Vara: Stig Kristoffersen, attval 1 år.

Gustav Johan Nydal, 1 år. Vara: Tor Vidar Kittang, attval 1 år.

Bedriftsrep Sogndal

Egil Mundal 1 år. Vara: Sigrun Rygg, 1 år.

Vedtak: Forslaget frå valnemnda er vedtatt.

Sak 8/2014 Val av valnemnd

Vedtak: Valnemnda er attvald.

Sak 9/2014 Val av revisor

Fondsstyret la fram forslag om vidareføringa av revisjonsavtalen med Sogn og Fjordane Fylkeskommune

Vedtak: Revisjonsavtalen med Sogn og Fjordane Fylkeskommune vert vidareført for 2014.


INU - FSF

Den Interkommunale Næringsretta Utviklingsordninga som kompenserer for auka arbeidsgjevaravgift i kommunane Førde, Sogndal og Flora

Sogndal, 26.03.14



Vidar Grønnevik, møteleiar



Gustav Johan Nydal,
Westcon Yards Florø AS



Olve Grotli, ordførar Førde